



Kulturskolen jubilerer med konsert. (arkivbilde)

Kvinnherad kulturskule kan i år feira 30-års-jubileum. Dette vert markert med stort jubileumsarrangement i Kulturhuset Husnes laurdag 2. desember. Framsyninga har vorte kalla "Kontrastar" og fordeler seg på bilde, dans og musikk. Då det er venta stor publikumstilstrøyming, er det lagt opp til to førestellingar. Den første er kl.13.00, medan den siste startar kl.16.00.

Kulturskolen har i år om lag 575 elevplassar, og det seier seg sjølv at det ikkje er praktisk mogeleg at alle er med på framsyninga. Rektor i kulturskolen, Rolf Lothe, fortel at det vert eit utval av elevane som vert aktive i programmet. Dei 150 elevane representerer breidde i kulturskolen. Dei kjem frå alle deler av kommunen, dei dekkar alle aktivitetar og instrumentgrupper og det er stor variasjon i alder.

Lothe fortel vidare at det for tida er svært hektisk øvingsaktivitet. No øver gruppene kvar for seg, men fredag 1. desember, dagen før dagen, er det duka for generalprøve i Kulturhuset frå kl.16.00 og utover.

Publikum må nok alt no merka seg at det kjem til å verta eit veldig rift om billettane. Desse kan bestillast på førehand på biblioteket på Husnes.

Kulturskuleelevar som ikkje deltek i sjølve jubileumsprogrammet, høyrer og naturleg med i markeringa. Dei får derfor gratis billett. Det er likevel viktig at dei merkar seg at dei må melda frå til biblioteket for at dei skal vera sikra plass.

Lothe fortel og at det vert vanlege kulturskulekonsertar rundt om i bygdene no i førjulstida. Dette er offentlege konsertar som vert gjort kjent ved annonser og plakatar seinare. Dette er flotte konsertar med unge talent, og vi oppfordrar bygdefolket til å møta opp.

Av Thor Inge Døssland